



faktaark

Pigghå *Squalus acanthias*



Pigghåen er ein hai som kan treffast langs heile norskekysten, og hører her til ein nordaustatlantisk bestand med utbreiing frå Barentshavet til Biscaya. Det internasjonale råd for havforskning (ICES) vurderer bestanden til å være svært svak og at den har minka til under 10 % av opphavleg storleik. Sein kjønnsmodning, lang drepstid og små kull gjer at arten er svært utsatt for overfiske.

Status


Kategori Kritisk trua (CR) på Norsk raudliste 2006

Kjenneteikn

Pigghåen er ein relativt slank hai med fløyelsaktig hud og rundt tverrsnitt gjennom kroppen. Hofisken kan bli bortimot 130 cm i våre farvatn, medan hannane sjeldan blir større enn 90 cm. Ryggen er grå til blågrå, sidene har same farge, men har ofte enkelte små, kvite flekkar eller prikker. Buken er lys og kan vere heilt kvit. Dei to ryggfinnane har enkle piggar i framkant, og den bakarste piggen er noko kraftigare enn den fremste. Den manglar gattfinne, og halerota har ein langsgåande kjøl på sidene. Alle tennene i den korte, svakt bua munnen er ganske like, dei er små og bladforma, og godt egna til å kutte bitar av byttedyr. Pigghåen har eit smalt hovud med ein nokså lang, spiss snute, og fem gjellespalar like framfor dei vengeliknande brystfinnane.

Utbreiling

Pigghåen er utbreidd i tempererte og boreale farvatn på den sørlege og nordlege halvkula, ofta i vatn med temperaturar mellom 7–8 °C til 12–15 °C. Den er vanlegast nær kysten over kontinentalsockelen på djupner mellom 10–200 meter, men er også kjend for å føreta lange, sesongmessige vandringer og kan då krysse djupe havbasseng. Fleire separate bestandar av pigghå er kjend frå dei fleste store verdshava, og den vi finn langs norskekysten hører til ein nordaustatlantisk bestand med hovudutbreiing frå det sørlege Barentshavet i nord til Biscaya i sør. Pigghåen kan treffast langs heile kysten, men ein ser ein tydeleg nord-sør-gradient der den er sjeldnare å treffen i den nordlege delen av utbreilingsområdet.



Tal på individ fanga per tråltime. Kartet er basert på alle registreringane av pigghå i Havforskningsinstituttet sine fiskedata i perioden 1932-2006.

Biologi

Pigghå opptrer ofte i til dels store stimar like over blaut sjøbotn, men kan også treffast symjande fritt høgare oppe i vassøyla og over hard botn. Stimane er ofta samansett av individ av same storleik og kjønn. Den beitar for det meste på beinfisk som sild, hyse og torsk, men har også virvellause dyr på menyen. Den før levande ungar, og både paring og yngling skjer sannsynlegvis i vinterhalvåret.

Det er vanskeleg å fastsetje alderen til pigghå, men tverrsnitt av piggene kan brukast til alderslesing. Alderslesing, saman med merkeforsøk, har vist at den veks svært sakte. To merka individ som vart fanga i 1999, 35 og 37 år etter at dei vart merka, hadde hatt ein vekst på om lag 3 millimeter i året, og det er ikkje utenkeleg at den kan nå ein alder på godt over 50 år. Veksten går sakte fram til første kjønnsmodning. Hoene vert kjønnsmodne i 12–15-årsalderen og er då rundt 80 cm lange, medan hannane modnast eit par år tidlegare og er då om lag 65 cm lange. Veksten vert endå tregare etter kjønnsmodning. Hoene går direkte med kull på mellom 2–11 ungar i 1,5 til


Tekst: Otte Bjelland. Kartgrunnlag: Karen Brøker og Julie M. Andersen.

Foto: Thomas de Lange Wenneck.

Kontaktperson: Kjell Nedreaas, Havforskningsinstituttet

E-post: kjell.nedreaas@imr.no; otte@imr.no





Totale landingar av pigghå frå den nordaustatlantiske bestanden i perioden 1905–2005 gjeve i 1000 tonn.

bestanden nådde opp i om lag 25 000 tonn like før starten av 2. verdskrigen, og etter ein reduksjon som følge av krigen, auka fangsten vidare opp til over 60 000 tonn årleg i starten av 1960-åra. Etter dette har fangstane gått gradvis nedover, og var i 2005 under 6 000 tonn.

I byrjinga av 1970-åra nådde den norske fangsten av pigghå ein topp på rundt 18 000 tonn. Den utgjorde då eit viktig supplement i drifta for delar av den havgåande banklineflåten, og Nordsjøen var eit særleg viktig område. Dette direktefisket avtok raskt i løpet av ein tiårsperiode, og er i dag avslutta. Kystfiske med garn overtok etter kvart hovuddelen av dei norske landingane, og i den seinare tid er det stort sett berre på Trøndelagskysten og i Skagerrak og Oslofjorden det vert drive eit direkte garnfiske etter pigghå. Den blir elles teken som bifangst i ulike fiskeri langs kysten og av den havgåande flåten. Dei siste åra har den norske fangsten vore på litt i overkant av 1 000 tonn årleg. Det norske minstemålet for pigghå er 70 cm, ingen andre nasjonar har innført minstemål på denne arten.

Det at pigghåen ofte opptrer i stimar kor fisk av same storleik og kjønn er saman, og gjennomfører til dels førseileg sesongmessige vandringer, gjer at ein til tider framleis kan finne drivverdige førekomstar av store, dregtige hoer sjølv om bestanden er på eit svært lågt nivå. Økonomisk sett vil eit fiske på konsentrasjonar av dei største individua også vere mest interessant, dette kan då lett føre til ei skeiv kjønnsfordeling i bestanden. Rekrutteringa til bestanden vil naturleg nok bli sterkt påverka av at ein tek ut hofisken, og dei negative effektane blir forsterka av at dei store hoene har større kull av større ungar med høgare overleving enn nyleg kjønnsmodne hoer.

Dei siste analysane til ICES konkluderer med at pigghåbestanden i Nordaust-Atlanteren i dag er redusert med 93–95 % i forhold til nivået den var på rundt år 1900. Dette fører til at den blir vurdert til å vere Kritisk trua.

2 år og ved fødselen er ungane 18–33 cm lange. Reproduksjonsbiologien, med sein kjønnsmodning, lang drektigheitstid og små kull saman med den trege veksten, gjer pigghåen spesielt utsett for overfiske. Potensialet for populasjonsvekst er lågt sett i forhold til mange andre haiartar, og svært lågt samanlikna med annan marin fisk i norske farvatn.

Bestandsstatus

ICES vurderer bestanden av pigghå i Nordaust-Atlanteren til å vere på eit rekordlågt nivå. Det er gjennomført ulike bestandsanalysar basert på tokt- og fiskeridata av ICES, og alle analysar viser at bestanden er i fare for å bryte saman. Vi ser tydelege teikn på at haustingsnivået i lang tid har vore, og framleis er, godt over bærekraftige grenser.

Det er registrert data på mengda pigghå landa sidan starten av 1900-talet. Dei årlege fangstane frå den nordaustatlantiske

Referanser

- Compagno, L.J.V. 1984. Sharks of the world. An annotated and illustrated catalogue of shark species known to date. Part 1. Hexanchiformes to Lamniformes. FAO Fish Synop. 125:1-249.
- ICES WGEF 2006. Report of the Working Group on Elasmobranch Fisheries. ICES, Danmark.
- Jones, T.S. & Ugland, K.I. 2001. Reproduction of female spiny dogfish, *Squalus acanthias*, in the Oslofjord. Fishery Bulletin. 99: 685-690.
- Pethon, P. 2005. Aschehougs store fiskebok. Femte reviderte utgave. Aschehoug, Norge.

Lenker

<http://www.fishbase.org>